



# Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Tingvoll, 10. juni 2017

NVE

## TILLEGGSFRÅSEGN - NORDDALS-PAKKEN.

Viser til dykkar ref. 201503081-20

Som vi varsla i vår fråsegn tidlegare ønskjer vi å kome tilbake til ein del detaljar når det gjeld Dyrdøla.

### **Vassverk og kombinasjon med småkraftverk**

Eit hovudtema her er om ein skal bygge kraftverk saman med vassverkopprusting, eller om ein skal ruste opp vassverket aleine. Moglegvis kan ei vassverkløysing utan inntak i Dyrdøla på oppsida av vegen vere eit tema som i liten grad har vore nemnt.

Vi har fått ei dokument frå kommunen som viser at det er ein kostnadsforskjell mellom å lage ei rein vassverkløysing og ei kombinert løysing med småkraftverk, moglegvis i storleik 3 millionar. Det er ikkje gitt at heile denne kostnadsforskjellen vil bli godskrive vassverkdelen. Det går også fram at Dyrdøla kan ha breslam som gjer reinsing litt utfordrande. Vi meiner at grunngevinga med fordel for vassverket ikkje skal tilleggast noko særleg vekt, og at det er tale om eit mindre beløp og ikkje om bygda skal få vatn eller ikkje.

Ved framhald av vassverk frå Dyrdøla er uttaket av vassmengde liten, sjeldan større enn 25 l/s. Eit småkraftverk tar ein vesentleg større del av vassføringa (700-875 l/s), noko som gir stort utslag for mellom anna dei naturverdiane som er mellom vegen og den gamle inntaksdammen, men også vidare nedover. Vassverk aleine vil heller ikkje gi gravebehov i den mangelfullt undersøkte kulturmarka på nedsida av vegen.

Naturvernforbundet i Møre og Romsdal  
v/Øystein Folden, Rasta 4, 6630 TINGVOLL  
Telefon 918 12 542 – epost [moreogromsdal@naturvernforbundet.no](mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no) – internett  
[www.naturvernforbundet.no/mr](http://www.naturvernforbundet.no/mr)

### **Inngrepet i Dyrdøla kan sorterast slik**

1. Inntaksdammen, der spesielt det som blir råka av konstruksjonar, endra vasstand og inngrep som skjer i anleggstida har stor verknad.
2. Rørtrase, der særleg øvste bit ut av elva og over kulturmarka rett på nedsida ser ut til å ha størst potensial for konflikt med biologisk mangfald.
3. Utlaupt frå kraftstasjonen.
4. Strekninga av elva mellom inntak og utlaup der vassføringa blir betydeleg endra.
5. Vegtrasear og kabeltrasear.

Det er særleg pkt. 1, 2 og 4 vi har merknader til.

### **Inntaket**

Mellom brua og foten av fossen er det eit område som er mykje prega av fosserøyk og som kan gi spesielle tilhøve for vegetasjon. I dette høvet bør ikkje fosserøyken bli spesielt påverka av tiltaket, så det er først og fremst fysiske inngrep i elvebotnen og det som blir sett under vatn med ein heva vasspegel som har noko å seie. I søknaden er det omtala ein betongdam, 17 meter lang og 4 meter høg. Denne konstruksjonen vil påverke landskapet og biologien i betydeleg grad.

Frå pkt 2.4 i søknaden: «Tiltaket med kraftverk vil ikkje medføre ulemper ved inntaket utover det som opprustinga av vassverket krev.» Det er ein påstand vi treng nærare dokumentasjon av.

Sjølv om berggrunnskartet syner næringsfattige gneisar, fortel floraen at det også må vere noko som gir kalkpåverknad.

Frå side 20 BM-rapporten: *Med unnatak av sunnmørsmarikåpe, som truleg førekjem med nokre hundre individ totalt, er det utelukkande vanlege høgstauder og storbregnar langs elva. Dette gjeld til dømes artar som geitrams, mjødur, skogburkne, skogrørkvein, sløke, strutseveng og vendelrot. Gulsildre og enghumleblom er einaste noko kravfulle plantar som er påviste. Lungeneversamfunn manglar, og av mosar blei heller ikkje spesielle artar funne (Holtan & Grimstad 2009).*

Dette er i beste fall ein slags gjennomsnittsskildring av området. Det er rett og slett ubrukeleg når ein skal vurdere t.d. inngrepet med inntaksdammen. I inntaksområdet ser det ut til å vere store verdiar som klart vil bli påverka av tiltaket, og O. K. Spikkeland si kartlegging her er i høgste grad utilstrekkeleg.

Den 2.5.2015 var det t.d. ein god handfull gode mosekartleggarar som hadde ein stopp nettopp ved inntaksstaden. Dei fann skoddemose (VU). Den 12.9.2016 har det også vore feltundersøkingar akkurat på denne staden, som er lagt inn på Artskart. Med desse observasjonane får ein til ei liste som syner at vegetasjonen på denne staden har ein del interessante indikatorartar. Svarttopp, kvitmaure, fjellsyre, fjelltistel, gulsildre, fjellfrøstjerne og bergfrue er alle artar som indikerer kalkpåverknad. Både dei nemnte kartleggingane gjeld eit lite utval av området, og er på ingen måte noko totalkartlegging.

Ein i utgangspunktet dårleg BM-rapport mellom anna som følgje av tidspunktet for feltundersøkinga har ikkje kartlagd eit heilt vesentleg område, og har heller ikkje fått med seg det som andre har kartlagd. Allereie med dette er kartlegginga av så dårleg kvalitet at det er nødvendig med ei ny kartlegging av området ved inntaksdammen i alternativ 2. Det er nødvendig med spesiell kompetanse på mose.

## Artsliste knytt til inntaksområde:

Galium boreale	hvitmaure	Karplanter	LC	12.09.2016
Oxyria digyna	fjellsyre	Karplanter	LC	12.09.2016
Rhinanthus minor	småengkall	Karplanter	LC	12.09.2016
Rhodiola rosea	rosenrot	Karplanter	LC	12.09.2016
Saussurea alpina	fjelltistel	Karplanter	LC	12.09.2016
Saxifraga aizoides	gulsildre	Karplanter	LC	12.09.2016
Saxifraga cotyledon	bergfrue	Karplanter	LC	12.09.2016
Thalictrum alpinum	fjellfrøstjerne	Karplanter	LC	12.09.2016
Placopsis lambii	blank knøllav	Lav	LC	12.09.2016
Brachydontium trichodes	skoddemose	Moser	VU	02.05.2015
Cf. Cephaloziella		Moser		02.05.2015
Dicranella crispa	rakgrøftmose	Moser	LC	02.05.2015
Isopterygiopsis muelleriana	kystblankmose	Moser	LC	02.05.2015
Pohlia annotina	taggknoppnikke	Moser	LC	02.05.2015
Tritomaria scitula	grottehoggtann	Moser	LC	02.05.2015

**Mellom bru og gamal inntaksdam på nedsida av brua**

Området rett på nedsida av brua og ned til den gamle, øydelagde inntaksdammen er også eit område som er påverka av fosserøyk, og i dette området vil endra vassføring føre til endring av fukttilhøva, spesielt på den nordvendte vegg på sørsida av elva. I dette området er det påvist ein lokalitet av sunnmørsmarikåpe som truleg ikkje var kjent frå før. Algen gullflass finst her, er vanlegvis ein grei indikator på kalkpåverknad, og det finst andre artar som indikerer det same. Vi vil elles gjere merksam på at kjennskapen til sunnmørsmarikåpe sine krav ikkje er større enn at ein må legge inn ein god slump med føre var for denne arten.

**Mellom gamal inntaksdam og prestgarden**

Denne strekinga er i dag prega av betydelege innslag av granskog på elvebreidda. Elva ligg i dag skjerma for direkte sol i stor grad, noko som er fordelaktig for fuktkevjande artar. Den dagen skogen blir hogd, vil dette endre seg, og dei fuktkevjande artane vil få dårlegare vilkår. Dette vil bli ytterlegare forsterka om vassføringa blir redusert som følgje av småkraftverktbygging. På denne strekinga blei det påvist ein ny lokalitet av sunnmørsmarikåpe ved vår synfaring i 2016. Elvestrengen blei ikkje systematisk undersøkt, så det kan godt vere meir av denne arten.

**Prestgarden til Storelva**

Elva går i område som stort sett er kulturpåverka og delvis med elveførebygging. Vi kjenner ikkje til spesielle verdier knytt til denne strekinga.

**Røytraseen**

Det står i søknaden 2.2.5: «Den nytta traseen kan vert gjeve naturlig tilvekst eller tilsådd etter anleggsperioden etter avtale med grunneigarane.» Vi antar at det ikkje vil vere høve til å ha vegetasjon av særleg høgde oppå sjølve røytraseen, så ein må vere budd på ei varig stripe i

landskapet som følge av dette.

På den øvste biten rett ned for vegen vil røyrtraseen gå gjennom først bratt kulturmark og så slakare kulturmark. Den brattaste delen (Bilete i fig. 3 i BM-rapporten) ser ut til å vere mindre gjødsla og kan ha store biologiske verdiar anten det er tale om naturbeitemark eller slåttemark, jf. slåttemarksareal som er kartlagd elles i området. Denne lokaliteten er ikkje kartlagd, og kartlegging er nødvendig. Den slakaste delen er truleg oppgjødsla og vil då ikkje ha spesiell verdi, men dette må undersøkjast.

Gjennom granskogen er det lite sannsynleg at det er spesielle biologiske verdiar. I nærleiken av den gamle kraftstasjonen er det ein lokalitet med hekkeplass for sandsvale (NT). Sandtaket syner på biletet i figur 3 i BM-rapporten, tett opp til innteikna røyrtrase. Sandsvalekolonien må ein unngå å gjere inngrep i. Lokaliteten er innlagt på Artskart. Nedanfor granskogen og like til kraftstasjonen ser det ut til å vere eng som er gjødsla, og dei biologiske verdiane er truleg små.

### **Kvalitetssikring av søknaden**

Sidan hausten 2016 har utbyggingsløysinga i Dyrdøla blitt ganske mykje endra. Det som er gjort med BM-rapporten i så måte må få ein kommentar. BM-rapporten bygger på feltarbeid frå 2006 og konsentrerer seg om ei utbyggingsløysing som no ikkje lenger er omsøkt. Då vi gjekk gjennom denne på nytt, blei vi såpass forvirra av omtale av alternativ at vi måtte gå laus på sjølve søknaden. Den har også preg av å vere omarbeidd, utan at dette er gjennomført heilt. T.d. verkar det litt tilfeldig kor røyrtraseen er innteikna. Det er klar skilnad på fig. 1.4.1 i søknaden og fig. 3 og 4 i BM-rapporten. Elles må ein rekne med at det anten er vinter eller stor vassføring i den perioden søknaden har vore på høyring.

### **Konklusjon:**

For inntaksdammen er det kartlagd feil tema. Påverknaden av fossesprøyt rett ned for vegen manglar, og det manglar kartlegging av ei kulturmark i øvste del av røyrtraseen. Det er nødvendig med tilleggskartlegging, der kartleggar har særleg kompetanse på mose, viss ein ønskjer å handsame denne småkraftsøknaden.

Med vennleg helsing

Øystein Folden  
leiar